

PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK VED VARDHEIA UNGDOMSSKULE

"I den overordna delen av læreplanen står det mellom anna at skulen skal ruste born til å møte utfordringar i livet og meistre desse saman med andre. Læreplanen skal gi kvar elev kyndigheit til å ta hand om seg sjølv og sitt liv. Vidare står det at opplæringa skal innskjerpe haldningar og kunnskap som skal halde gjennom heile livet og lære ungdommane å sjå framover og utvikle fornufta deira for å kunne ta gode val. Læreplanen legg grunnlaget for at alle born og unge skal få felles, kontinuerleg og god trafikkopplæring.

Dei overordna tverrfaglege tema som "berekraft" og "livsmeistring" vert integrert i alle fag. Trafikktemaet blir ein naturleg del av mange ulike fag. I tillegg til fokuset på trafikk i dei ulike faga, har skulen valt å arrangere ein fag- og temadag om "trafikk" for 8. og 9. trinn kvar år. Dette skjer i oktober i samband med Refleksens dag. Elevane frå valfaget "Trafikk" bidreg aktivt på denne dagen."

Samarbeids skule - heim	Kva blir gjort?
Foreldremøte i september	Det blir gjeve informasjon på alle trinn om skulens rutinar og reglar knytte til ferdsel i trafikken. Føresette får beskjed om at elektriske framkomstmiddel ikkje kan nyttast som framkomstmiddel i skuletida. Det blir også informert om at Vardheia ungskeule er ein trafikksekker skule og at vi har eit nært samarbeid med politiet knytte til trafikktryggleik. (Forventer at elevene bruker hjelm til og fra skolen)
FAU-møter	Trafikk er alltid eit tema.
Overgang barneskeule - ungdomsskeule	Alle elevar og føresette får informasjon om skulens reglar knytt til trafikktryggleik og at skulen er ein trafikksekker skule.
Informasjon om valfaget "Trafikk"	Føresette og elevar på komande 9. og 10. trinn får informasjon om innhaldet i valfaget "Trafikk". Gjeldande oppmøtekrav for å få trafikalt grunnkurs godkjent blir også gjort klart før val av valfag.

RUTINAR FOR TURAR OG UTFLUKTER VED VARDHEIA UNGDOMSSKULE

Turar til fots

- Elevane skal vere kjende med gjeldande reglar og rutinar for ferdsel i trafikken. Elevane skal følgje trafikkreglane som myk trafikant.

Turar på sykkel

- Det skal alltid vere med minst to ansvarlege vaksne på sykkeltur.
- Ein vaksen sykklar fremst og ein bakarst.
- Begge dei ansvarlege må ha med mobiltelefon, slik at moglegheita for kommunikasjon og varsel er til stades.
- Det skal medbringast klasseliste og førstehjelpsutstyr.
- Det vert tilrådd å ta med sykkelpumpe og litt sykkelverktøy. (Skulen har eit sett)
- Alle skal ha sykkelhjelm på seg.
- Føresette er ansvarlege for at elevane sine sykklar er i forskriftsmessig stand.
- Ingen elevar får anledning til å bruke el-sparkesykkel på tur i skulen sin regi.
- Når klassar skal på sykkeltur, bør læraren gå gjennom ruta på førehand med ekstra fokus på eventuelle utfordringar og omsyn som må takast undervegs.
- På turar i bynære strok skal syklane leigast over gangfelt med høg trafikk.
- Elevane skal kjenne til trafikkreglane generelt, og reglar for vikeplikt spesielt.
- Dei skal halde avstand til føresyklande medelev.
- Om ein elev får problem med sykkel, sykklar vedkommande ut til sida, og ventar på den vaksne som sykklar bakerst.
- Elevar som ikkje har sykkel i forskriftsmessig stand eller som ikkje har hjelm kan ikkje delta på turen.

Turar ved vatn / sjø

- Dersom elevane skal på utflukt til vatn, må dei ansvarlege vaksne ha gyldig livredningskurs.
- Etter gjeldande forskrifter må skulen innhenta skriftleg samtykke frå dei føresette før bading kan skje på skuletur. Det vert sett strenge krav til val av badeplass og tilsyn medan bading pågår, dette er omtala i forskrift til opplæringslova §12-1 bokstav a og b:
- §12-1 bokstav a og b:
 - a) Når skulen er ansvarleg for tryggleiken til elevane, må tilsynet i praksis vera forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje.
 - b) I situasjonar der skulen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskulen, skal det alltid vera ein tilsynsansvarleg, vaksen person tilstades.
- Dersom den gruppa skulen har ansvaret for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar påbegynt gruppe på 15. Dei som fører tilsyn, må vera flinke til å symje og dykke, og må kunne livredning. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig.

- Kort oppsummert: Inntil 15 symjedyktige elevar, 1 vaksen med livredningskurs, 15 – 30 symjedyktige elevar, 2 vaksne med livredningskurs osv

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/*#KAPITTEL_14

Turar med buss

- Skulen nyttar rutebuss eller innleigd buss.
- Ansvarleg lærar sørger for at alle elevane brukar bilbelte.
- Talet på elevar kontrollerast ved bussturen si start og slutt.
- Elevane går av og på bussen i ordna flokk.

Bruk av private bilar

- Dersom elevane blir frakta i private køyretøy, må ein ha undersøkt om det er gitt foreldresamtykke til kjøring i privatbil i Visma.

Ulykker på tur

- Ved alvorlege ulykker med personskade blir Alarmsentralen 113 og skulen sin administrasjon kontakta. Skulen sin administrasjon varslar føresette
- Ved mindre alvorlege uhell /ulykker, blir skulen sin administrasjon og elevens føresette varsla. Tiltak blir vurdert saman med dei føresette.
- Føresette og skulen sin administrasjon skal ALLTID varslast.

Handsama i SU